

Runar Kildehaug

Sædalssvingen 46  
5099 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3364 - 15/29850

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
21.09.2015

## Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 40/54 - Hodneland

Teknisk drift syner til e-post datert 10.09.2015 og 18.09.2015 vedkomande søknad om avkjørsle frå kommunal veg – gbnr 40/54 – Hodneland.

### Vedtak:

Teknisk drift har vore på synfaring 17.09.2015 og vurdert forholda på staden. Teknisk drift vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg for 1 hytte på følgjande vilkår:

Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vognnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vognnivå. Siktsone vert sett til 4x30m.

Ei føresetnad for løyve er at det vert gitt byggeløyve i LNF område.

Ytterligare informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

**Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknyting til kommunal veg. Bygging av avkjørsle treng eige løyve frå byggesak. Er arbeid med avkjørsle ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vognnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvært.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen første gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart  
Kart

**Kopi til:**

Lindås kommune ved byggesak  
Fagsjef veg

**Mottakarar:**

Runar Kildehaug

Sædalssvingen 46 5099

BERGEN